



Tingvoll, 25.8.2020

Miljødirektoratet
v/Fylkesmannen i Møre og Romsdal

KLAGE – FELLINGSLØYVE PÅ SKADEGJERANDE JERV I FJORD KOMMUNE

Vi viser til dykkar ref 2020/3864.

Naturvernforbundet klagar på vedtak om forlenga skadefellingsløyve, dagsett 24.8.2020, gjort kjent på Miljøvedtaksregisteret 25.8.2020

Naturvernforbundet arbeidar spesielt med biologisk mangfald. Viss det er spørsmål om vår klagerett, kan vi gjere nærare greie for den på førespurnad.

Vi ber om at løyvet blir gjort om til avslag.

Det er seint i beitesesongen og normalt at jerv i forvaltingsområdet no lagrar mat for vinteren. Når ein beiter i forvaltingsområdet er det difor nedsanking som skal nyttast som verkemiddel når vi er komen til 24.8.

Vi viser elles til vår klage av 20.8.2020

Oppsetjande verknad

Vi ber om at klaga vår får oppsetjande verknad. I så måte viser vi til den klagehandsaminga som går for kvotedtaket gjort av nemnda tidlegare i år.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar

Kopi:
Miljødirektoratet
Klima- og miljødepartementet